



# Villreinjakt 2010

## frå pil og boge til kuler og krutt

gratis kurs for ungdom



### Til ungdom i alderen 15 til 18 år!

#### Bli med på kurs om villreinjakt og fangstkultur 15. -18. september!

Norsk villreinsenter på Skinnarbu innbyr til innhaldsrike dagar med jakt og villreinfangst. Vi ønsker med dette programmet å gje ungdom eit godt innblikk i både villreinjakta i dag og også i fangstmetodar som er bruka i tidlegare tider. Villreinen sin biologi og villrein som matressurs er også tema. Deltakarane vil lære å navigere i terrenget ved hjelp av kart og kompass og med GPS. Her kan det bli store og gode opplevingar. Sjå program under!

Skinnarbu blir basen dei tre første dagane, der ein bur og eter i lavvo ved senteret. Aktivitetane vil finne stad både ved senteret og ute i terrenget. Etter desse dagane blir det hospitering på jakt med ein røynd jeger.

Du treng ikkje har jeger- og skyteprøve for å delta på kurset.

Programmet er gratis, og det er eit avgrensa tal plasser.

#### Interessert? Meld deg på!

Etter at påmeldingsfristen er gått ut, vil det bli gjeve melding om kven som er kommen med. For å delta, vil ein trengje permisjon frå skulen. Det må deltakarane sjølve syte for.

#### Påmeldingsfrist 25. august! Send epost til:

Brita Homleid Lohne

epost: [Brita-Homleid.Lohne@dirnat.no](mailto:Brita-Homleid.Lohne@dirnat.no)

Mob.: 99362623

### PROGRAM

#### DAG 1 JEGER I DAG

Onsdag 9. september

##### 12.00 Introduksjon og mat

- Orientering om senteret sitt funksjonar og innhald
- Forventningar til programmet
- Rigging av lavvo

##### 15.00 Villreinjakt jegarar i dag

- Utstyr
- Våpen – skyting
- Oppsyn og samband

18.00 **Mat**

19.00 **Orientering**

- GPS
- Kart og kompass

**Overnatting i lavvoen**

DAG 2 GAMAL FANGST OG JAKTKULTUR

07.00 **Frokost i lavvoen**

- Smøre niste for dagen

08.00 **Gammal fangstkultur - til Synken og Kalhovd**

- Fangstgraver og reiskapar

14.00 **Jaktløype – i nærleiken av villreinsenteret**

- Utprøving av gamle fangstteknikkar og navigering

18.00 **Mat**

20.00 **Villreinen sin biologi – i lavvoen**

**Overnatting i lavvoen**

DAG 3 VILLREINFORVALTNING

07.00 **Frokost i lavvoen**

08.00 **Roller og ansvar i forvaltninga**

- Info om ”case”
- Arbeid/diskusjon i grupper
- Presentasjon av resultatet av diskusjonen

11.00 **Mat**

12.00 **Bruk av reinen**

- Partering
- Tillaging av matrettar med reinskjøt

18.00 **Festmåltid i lavvoen**

- Deltakarane lagar mat under vegleiing

**Overnatting i lavvoen**

DAG 4 HOSPITERING PÅ JAKT

Deltakarane må bl.a. ha følgjande utstyr: Ryggsekk, termos, liggeunderlag, sovepose, støvlar/fjellstøvlar, votter, lue, ullongs og -trøye, ullgenser, regntøy, jaktkniv, kopp, tallerken og bestikk

**NATURVEILEDERE VED NORSK VILLREINSENTER SØR**

Tina Dahl	<a href="mailto:tina.dahl@dirnat.no">tina.dahl@dirnat.no</a>	tlf: 35080584 / 99110141
Brita Homleid Lohne	<a href="mailto:brita-homleid.lohne@dirnat.no">brita-homleid.lohne@dirnat.no</a>	tlf: 35080583 / 99362623